

De klarte det, de andre

Av Hilde Sandvik

Ho heitte det same som mor, Anna. Kanskje var det derfor mor mi vakna ein morgon og tenkte at no var det noko gale. Vi hadde alt leita etter henne ei stund då, og fann henne på sjukehuset. Lita i andletet og med tynne hender. — Jeg tror ikke det er døden, sa ho.

I fem år var det slik: Ho sat i den mosegrøne sofaen med eit landskapsmaleri over hovudet, vaflar i fryseboksen og krumkaker i honningspann. Vaffelhjertene la ho i rekke på stråleovnen så dei vart mjuke. Eg bar inn syltetøy, smør ost, sukker og serviset med julemotiv.

— Jeg må alltid ha sukker på vaflene, sa ho kvar gong, medan ho smilte, som for å seie at det var den lasta ho hadde — at ho måtte ha sukker på vaflene. Ho farga alltid håret slik at det såg musebrunt ut. Ho såg seg i spegelen og sa at eg ser då ikkje så verst ut. Ho falda hendene i fanget; — Jeg har hatt det så bra.

Eg må tenke på det: Ho hadde kome hit som brud helga etter at krigen braut ut i landet, og då han døydde vart ho verande bak desse glasrutene. Ho såg studentar flytta inn og ut. Såg våren koma. Kjente vinteren i den dårlege hofta. Når det ringde på døra hennar opna ho vindauget og kasta nøkkelen ut, til presten, nevøen, venninnene eller oss. Då ein var inne, sa ho det same gong etter gong: — Jeg har hatt det så godt, og jeg snakker med Jesus hver dag.

Ho lo så det song medan synet vart dårlegare og føtene nekta å bera. Dei berre knakk under henne ein dag, og ho slo seg forderva. Første gongen det skjedde tenkte eg at no er det ikkje lenge til, eg må venne meg til det. Ho kan fare når som helst.

Anna fór ikkje. Ho sat i stova si og smilte — I natt sov jeg med en katt.

Katten hadde kome utanfrå, lista seg over golvet, tatt eit kattesprang opp i senga til den gamle kvinna, og lagt seg til rette midt på dyna så ho sjølv mest ikkje fekk plass. Anna vart liggande heile natta, musestille. Strauk og strauk med dei gamle hendene over kattepelsen. Ikkje eitt sekund hadde ho sove, fortalde ho seinare, og la til: — Vi kan ikke se det på katter. Men jeg er helt sikker på at den smilte.



Det var sjølsagt døden. Ho visste det ho og, men skulle aldri seie det til meg. Ho var redd for det. At eg skulle kjenna meg så uroleg i nærværet av døden at eg ikkje ville kome attende. Fleire gonger hadde vi snakka om det, og den siste tida fortalte ho meg alle historiane sine. Om ein far som var borte på sjøen i over ti år før han kom heim for å dø. Om kakene ho pla servere, om mannen ho hadde elska, og om saknet. Eg veit at ho hadde byrja å kjenne murringa av noko i magen den gongen ho brått såg på meg, lys i andletet og sa: — De klarte det de andre.

Det var døden ho snakka om.

Siste gong eg tala med henne, minte eg henne på det, kanskje for å finna ei slags trøyst, for henne, for meg sjølv, for det einaste ein veit sikkert i livet, at ein stad er grensa trekt opp for eigne liv: — De klarte det de andre.

Sidan høyrde eg ikkje orda ho sa. Men eg såg songen. Ho fekk sølvhår og glatt andlet medan ho låg der. Eg tenkte på morfaren min, som seier at det å bli gammal er som å kle av seg eitt og eitt plagg. Til slutt så endar ein opp som då ein kom til verda, som eit spedbarn. Syng saman med meg, Anna, sa eg siste gongen. Og eg såg at ho song.

Då eg gjekk, la eg andletet ned mot den våte panna hennar og sa høgt, som for å døyve tvilen: — Vi skal klare det, vi òg.

Teksten er trykket i Bergen Tidendes helgebilag «Tid og sted» mars 2000.